

HELSE
norge

Samval

Du kan
være med å
bestemme



HELSEnorge — di helse på nett

Kva er samval?

Samval er ein prosess der du saman med helsepersonell kan kome fram til ei beslutning om kva slags metodar for undersøkelser og behandling som passar for deg. Samval sikrer at du får tilstrekkeleg, god og rett informasjon om kva du kan forvente av alternativa.

Helsepersonell kan gi deg støtte til å vurdere fagleg informasjon og bli klar over kva som er viktig. Dette vil gi deg eit godt grunnlag for å velge behandling -eller ingen behandling, dersom det er aktuelt.

Spørsmål som du kan stille til din behandlar:

- Kva slags alternativ har eg?
- Kva slags fordelar og ulemper er moglege ved desse alternativa?
- Kor sannsynleg er det at eg vil oppleve noko av dette?





Pasienten har rett til å medvirke ved val mellom tilgjengelege og forsvarlege undersøkelser og behandlingsmetodar

PASIENT OG BRUKERRETTIGHETSLOVEN, KAP. 3

Kvifor samval?

Samval vil gjere deg betre i stand til å ta eit val som er rett for deg. Saman med helsepersonell kan du vurdere fordelar og ulemper ved ulike behandlingalternativ, basert på kva som er viktig for deg. Målet med samval er å kome fram til eit informert val.

Når du er med på vala som gjeld di helse, vil du oppleve betre kontroll og verte tryggare på beslutninga som vert tatt.

Det er avgjerande at du ikkje føler deg pressa til å være meir involvert i beslutningane enn du ynskjer. Det er også eit val å overlata beslutningane til helsepersonell eller involvere pårørande.

Les mer om Samvalg her:

helsenorge.no/rettigheter/samvalg

Samvalgsverktøy på Helsenorge

Samvalsverktøy kan hjelpe deg å delta i beslutningar om helsa di. På Helsenorge finn du samvalsverktøy for blant anna:

- Kirurgi ved brystkreft
- Psykose
- Prostatakreft
- Muskelknutar i livmora
- Kneartrose
- Sjukleg overvekt

Finn mer informasjon om innlogging og bruk på Helsenorge



Bytt fastlækjar



Legemidlar



Frikort og egenandelar



Kjernejournal



helsenorge.no/samvalg